

# Seilmakeren Doublehanded 2024

24. - 26. mai




## Vegval langs ruta Askøy-Geita

Av Harald Gjøsæter

Dei første 20 nautiske mila ut Hjeltefjorden til Fedje er det ingen grunnleggande vegval å ta, bortsett frå kor i fjorden ein vil leggja seg. Men det i seg sjølv kan vera viktig nok, for både straum og vind kan variera ein del, både med tidevatnet og med vindstyrke og -retning. Når det gjeld straumen, så er dette omhandla i ein eigen artikkel.

Ved Fedje skil gjerne båtane lag; dei som vil til havs kan velja å gå ut på sørsida av Fedje, om ein har det travelt med å koma seg ut, eller dei kan velja den litt kortare vegen aust og nord om Fedje, forbi Holmengrå. Ved passering Fedje ligg elles fleire val opne for seglarane. Ein kan gå ein NV kurs med sikte på å gå vest om Indrevær og Utvær. Dette vegvalet leier ein utanfor alle holmar og skjær, og var kanskje meir aktuelt då regattaen gjekk like til Florø. Og dette er ikkje kortaste vegen til runding, så denne vegen vel ein berre om ein har grunnar for å tru at større fart skal vega opp for den lengre vegen. Kor vinden er sterkast og kor han dør ut sist på natta vil variera med vêrsituasjonen, men med straumen er det annleis; han let seg lettare spå, men meir om det i ein annan artikkel.

Om ein ikkje vil vestom Utvær, kan ein velja å gå rett nord, og ta sikte på Straumfjorden, som er namnet på farvatnet mellom Ytre Sula (vestlegaste øya i Solund) og Indrevær-Utvær. Denne kursen går vestom alle dei små øyane vest for Byrknesøy i Gulen, så når ein har passert Holmengrå går også denne ruta utaskjers heilt til Sognefjorden er passert, og høver dårleg for dei minste båtane om været står hardt frå vestleg kant. I Straumfjorden går ei djup renne langs land, medan farvatnet rundt og mellom Indrevær og Utvær er rein «paddemark». Dei mange øyane og holmane vest om Straumfjorden gjev litt ly for sjøen i vestlege vindar, men det låge landet hindrar vinden i liten grad. Straumfjorden er difor det naturlege valet for dei som ikkje ser noko grunn for å gå heilt til havs, men samtidig vil unngå Ytre Steinsundet gjennom Solund, som ligg mellom Ytre Sula og Rånøya – Steinsundøya innanfor.



Ytre Steinsundet er skipsleia innaskjers mellom Bergen og Florø. Men her er det smalt, og så kjem gjerne Hurtigruta dundrande når det høver som dårlegast... Når ein kjem nord Ytre Steinsundet har ein minst to mulige vegar ut på Lågøyfjorden-Buefjorden. Kortaste vegen er å gå sundet til endes aust om Olderkalven, og så beine vegen på Nordaust over Lågøyfjorden og innom øya Ospa. Her er eit kronglete og smalt sund som kallast «Skomakaren». Det er godt merkt langs denne ruta. Men vinden har ein lei tendens til å døy ut her. Alternativt kan ein før ein kjem til endes på Ytre Steinsundet ta på norvest mellom Storøya og Olderøya, og vidare ut på Gåsværosen og på vestsida av Ospa ut på Buefjorden.




Men har ein først bestemt seg for Ytre Steinsundet, og det er det svært mange som har gjort i dei åra denne regattaen har gått mot nord, så tek ein gjerne ein NØ kurs ved Fedje, og stikk seg inn i Brosmeosen - Djuposen, og føl skipsleia nordetter på vestsida av Byrknes i Gulen. Her er litt ly for havet vestafør, og det er relativt reint farvatn å navigera i. Det har til og med hent, mellom anna i 2013 og 2022, at ein del båtar gjekk Rongeværslia, gjennom øyriket ytst i Austrheim for å ta beinaste vegen over til Brosmeosen.

*Er du retteleg uheldig møter du Hurtigruta akkurat her. Foto: Harald Gjøsæter*


Det går også an å gå innom Byrknesøy, til dømes gjennom Mjømnesundet, for å halda seg meir innaskjers mellom Fensfjorden og Sognefjorden. Dette er ein omveg, men stundom er også omvegar beste vegen til målet.

Når ein så har passert Solund, enten vest i havet, gjennom Straumsfjorden, eller gjennom Ytre Steinsundet, byrjar rundingsmerket Geita å nærma seg. Har ein valt ei vestleg rute er det no på tide å byrja sikta seg inn Vilnesfjorden sør for Værlandet og Bulandet, har ein gått gjennom Skomakaren er det strake vegen rett nord til Geita. Den karakteristiske «Norske hesten» på øya Alden, eit stykke nord for Geita, er eit sikkert seglingsmerke.



*Det manglar ikkje landemerke når ein har passert Solund; øya Alden med den karakteristiske fjellet Hesten på 480 m ser ein frå «alle stader» langs denne kyststrekninga. Her sett frå Vilnesfjorden SØ for Alden. Foto: Harald Gjøsæter*

Rundingsmerket Geita består egentleg av tre øyar; Indregeita, Medgeita, og Ytstegeita, som ligg på ei line frå SØ til NV. På Indregeita står det eit fyr, så kjem ein nattestid så er det greitt å sikta seg inn på fyret. Det kvite huset på fyret ser ein forresten godt i dagslys også. Og når så rundinga er gjennomført, er det berre å ta kurs sørøver att, og møte dei same vegvala som på turen opp, berre i motsett rekkefølge.



Har du eit kartprogram med autorutefunksjon vil du sjå at kortaste vegen mellom start og runding er gjennom Herdlevær, Brosmeosen, Ytre Steinsundet og Skomakaren, vel 47 nmi kvar veg. Det vil seie, det er kanskje nokre meter kortare gjennom Indre Steinsundet, men brua og luftspennet med klaring 15 m og det smale kronglete løpet her gjer neppe den ruta særleg aktuell. Ruta gjennom Ytre Steinsundet avvik ikkje mykje frå ei rett linje frå A til B. Ei rett line er jo per definisjon kortaste vegen, men slett ikkje alltid den snaraste. Kor mykje tid tapar ein på å måtta ta mange fleire slag og jibbar om det er bidevind eller lens? Det kjem sjølvstakt både an på båten og på mannskapet. Og kor mykje kan ustabil vind eller mindre vind i desse sunda enn på havet utanfor seinka framdrifta? Det veit ingen, før ein har prøvd. På den andre sida; er det nok vind inne og krapp straumsgjø på havet, vil i alle fall dei kortaste båtane ha mykje å vinna på å gå innaskjers.

Dei som vil, kan gå inn og analysere sporingsdata for å sjå kva vegval seglarane faktisk har gjort i dei tidlegare seglasane som har gått mot nord, dei er alle tilgjengelege på regattasida til årets utgåve av regattaen, under menypanelet «Historie – Tidligere regatta».

Men det er berre ein måte å finna ut kva vegval som vil svare seg i år: Meld deg på og delta! Studer karta nøye og gjer dine val ut frå kva du sjølv trur er det smartaste under dei rådande tilhøva. Brukar du papirkart til å navigera etter, så noter gjerne nokre kursar du kan få bruk for. Og brukar du elektroniske kart, kan det vera smart å leggja ut nokre vegmerke på strategiske stader. Kanskje er det du som finn den rette kombinasjonen denne gongen?





*Fyrhuset på Indregeita er godt synleg der det ligg høgt på haugen. I bakgrunnen ser vi Alden med det karakteristiske fjellet Norskehesten. Opphavsrett til foto: Visit Fjordkysten.*